



Saksbehandlar: Ingeborg Lysne Mcevoy, Næringsavdelinga
Sak nr.: 15/8245-63

Klagesaker - INU- FSF midlar sett av til reiseliv 2015

...::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Fylkesdirektør for næring rår Hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Klagar frå Jostedalen Breførarlag AS over fylkesdirektør for næring sitt vedtak vert ikkje teke til følgje. Saka vert oversendt til klagenemnda.

...::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Vedlegg:

Klage frå Jostedalen Breførarlag

Førebels svar til Jostedalen Breførarlag

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Kort om tilskotsordninga og saksgang ved klage

INU- FSF er forkorting for "Den interkommunale næringsretta utviklingsordninga som kompenserer for auka arbeidsgjevaravgift i kommunane Førde, Flora og Sogndal. Midlane blir tildelt av Kommunal og Moderniseringsdepartementet (KMD) over statsbudsjettet kapittel 551 post 61(Kompensasjonsordninga). Av desse midlane vert ein del sett av til reiselivssatsinga og i 2015 utgjorde dette 3,5 millionar kroner.

Ein del av midlane sett av til reiselivssatsinga vert lyst ut til infrastrukturtiltak knytt til reiselivet. For 2015 vart det lyst ut 2 millionar kroner. Det kom inn 32 søknadar med ein samla søknadssum på om lag 6,2 millionar kroner. Dette viser at det er ein tøff konkurranse om midlane og på grunn av fleire gode søknadar vart ramma for tildeling i 2015 heva til 3 millionar kroner. Søknadane vart vurdert i samarbeid med programstyre for infrastruktur og vart endeleg handsama av avdeling for næring med heimel i administrativt vedtak.

Det var først 15 søknadar som fekk tilskot. Av dei som fekk avslag har vi mottatt klage frå Jostedalen Breførarlag AS av søkerane på vedtaket om avslag. Ved klage på vedtak knytt til midlar sett av til infrastruktur i reiselivet er prosedyren følgjande:

- Klagen skal handsamast på nytt av næringsavdelinga ved Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Dersom innstillinga vert endra er saka ferdig og det vert sendt ut tilsegnsbrev
- Dersom fylkesdirektør for næring held på den primære innstillinga, går saka først til hovudutval for næring og kultur
- Dersom hovudutvalet står fylkesdirektøren og klagar vil halde på si klage, går saka til fylkesutvalet som klageorgan. Sakshandsaminga blir då overteken av fylkesrådmannen

2. Handsaming av søknaden ved avdeling for næring

Kort om søknaden:

Prosjektet har som mål å pakke opplevelingar knytt til Jotunheimen nasjonalpark. Målet er å lage ei felles flate for alle dei opplevelingane ein kan finne i samband med merkevara Jotunheimen. Ved å opprette ein guide for Jotunheimen der alle verksemder og nasjonalparken sjølv samarbeider om å vise fram sine opplevelingar vil ein skape større merksem og eit auka sal av opplevelingane. Eit godt felles system kan og vera eit utgangspunkt for utvikle nye opplevelingar i nasjonalparken. Jostedalen Breførarlag søker om støtte på vegne av alle verksemndene som ynskjer å delta med sine opplevelingar i prosjektet. Hovudkomponentane i prosjektet vil vera dialog, innhaldsverkstad, utvikling og tilpassing av nødvendig funksjonalitet og publisering av endeleg guide, med påfølgande analyse av resultat og vidare marknadsstrategi. Verksemndene vil få støtte i innhaldsarbeidet, nasjonalparkforvaltarane vil støtte opp om marknadsføringa av løysinga og slik sett skape eit nødvendig band mellom den offentlege forvaltninga og reiselivet/ opplevelsensnæringa. Utvikling, pakketing og publisering vil bli løyst av eksterne konsulentar.

Prosjektet er forankra i eit samarbeid mellom blant anna Jotunheimen Nasjonalpark ved parkforvaltar, TurApp AS som vil utvikle den digitale guiden og alle verksemndene kring i Jotunheimen.

Vurdering og konsekvensar:

Prosjektet er positivt fordi det involverer fleire verksemder over eit større område og vil løyse ei utfordring som reiselivsnæringa sjølv har peika på i lang tid. Det vil styrke satsinga på vandring og vere med på å styrke verdiskapinga innan naturbasert reiseliv i ein større region. Dette vil igjen bidra til å halde på arbeidsplassar og vere med på å skape nye etter kvart som produkta i regionen vert kjend og etterspørstelen aukar.

Fylkesdirektøren finn det framleis vanskeleg å støtte prosjektet. Prosjektet vert vurdert til å vere ein søknad om driftsmidlar i ein prosjektsøknad. På grunnlag av dette vart søknaden sendt til Innovasjon Norge for ei vurdering sidan dei kan tilby driftsstøtte. Kontaktperson vart informert om dette på epost 15.09.2015.

Vurderinga frå Innovasjon Norge er at TurApp AS har utvikla eit konsept/app som er teken i bruk fleire stader rundt om i landet. No ynskjer dei at denne også vert teken i bruk i Jotunheimen. TurApp er i dette prosjektet definert som prosjektleiar og har fått Jostedalen Breførarlag AS til å stå som formell søker. I praksis er det TurApp AS som er konsulenten og drivkrafta i prosjektet. Innovasjon Norge prioriterer ikkje søknaden, i hovudsak grunna at dette ikkje er nytt.

Fylkeskommunen støttar vurderinga til Innovasjon Norge og har ikkje høve til å løyve midlar til drift.

Tilråding:

Jostedalen Breførarlag AS får avslag på sin søknad.

3. Vurdering av klaga

Jostedalen breførarlag AS har påklaga fylkesdirektør for næring sitt vedtak i brev av 23.11.2015, jfr. vedlegg 1.

I klagen frå Jostedalen breførarlag AS har dei informert om rammevilkår, rolleavklaring i prosjektet, budsjett og forankring. Dette vart gjort på førespurnad frå sakshandsamar. Ny informasjon gjev ikkje grunnlag for å endre tilråding om å gje søknaden avslag.

Vidare i brevet frå Jostedalen Breførarlag framgår sjølve klagen som består av to punkt. Eit av punkta gjeld nyhendegradi. I eit førebels svar til Jostedalen Breførarlag gjorde sakshandsamar søkeren merksam på at nyhendegradi var ikkje ein del av vurderinga til fylkeskommunen og vart

difor ikkje teke omsyn til i handsaming av klaga, jfr. vedlegg 2. Jostedalen Breførarlag har ikkje kommentert dette i ettertid.

Det andre punktet i klagen handlar om at prosjektet som er lagt fram i søknaden ikkje inneheld midlar til drift.

Søknaden frå Jostedalen breførarlag er vurdert som ein søknad om midlar til utvikling av TurApp som selskap. Tilrådinga har bakgrunn i søknaden, og fylkesdirektøren sin kjennskap til selskapet TurApp AS. Selskapet heldt ein presentasjon for fylkesdirektøren 19. februar 2015 og selskapet sine aktivitetar er elles kjend gjennom søknadar til fylkeskommunen sine samarbeidspartnarar som NCE Tourism Fjord Norway og Innovasjon Norge. Selskapet TurApp tilbyr eit produkt som fylkesdirektøren har tru på, men det vil ikkje vere rett å nytte fylkeskommunale midlar for å styrke selskapet sin aktivitet. Søknaden vert vurdert til at det er utvikling av eigen bedrift (for TurApp) i ein prosjektsøknad.

TurApp vil utvikle ein digital plattform, eller ein applikasjon, som skal gje aktivitetsbedrifter ein ny formidlingskanal. Etablering av ein slik kanal er eit viktig tiltak for å nå målsetningar om auka gjestedøgn. Destinasjonsselskapet i Sogn og Fjordane er i gang med å etablere ei løysing for booking av aktivitetar for heile fylket. Fylkeskommunen løyver tilskot til destinasjonsselskapet som skal gå til tiltak for å auke tal gjestedøgn i fylket. Fylkeskommunen er såleis allereie inne å støttar ei løysing gjennom destinasjonsselskapet og ynskjer ikkje å støtte fleire løysingar. Jostedalen Breførarlag AS og andre aktivitetsselskap er velkomne til å nytte ordninga når den er etablert.

4. Tilråding til vedtak

Klaga frå Jostedalen Breførarlag over fylkesdirektør for næring sitt vedtak vert ikkje teke til følgje. Saka vert oversendt til klagenemnda.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)